








21 SEPT. 1988






FISKERIRETTLEIAREN




I SUNNHORDLAND
5430 BREMNES



Kvar vart fisken av?



Kven har ansvaret?



ÅRSMELDING for 1987

3039/1154

ÅRSMELDING FOR 1987 FRÅ FISKERIRETTLEIAREN

I SUNNHORDLAND.

1. Fiskerirettleiarkontorets virke og funksjon

- 1.1. Fiskerirettleiarkontoret
- 1.2. Personalet
- 1.3. Korrespondansen
- 1.7. Fiskerinemnda
- 1.8. Møteverksemda i fiskerinemndene
- 1.9. Fiskerinemndsaker

2. Sysselsettinga i fiskerinæringa

- 2.1. Fiskarmanntalet
- 2.2. Sysselsettinga i foredlingsleddet
- 2.3. Sysselsettinga i oppdrettsnæringa
- 2.4. Avleia verksemd

3. Fiskeflåten

- 3.1. Merkerregisteret
- 3.2. Konsesjoner
- 4. Foredlingsleddet

4.1. Oppfiska kvantum/verde

6. Låne- og andre finansieringskjelder

- 6.1. Statens Fiskarbank
- 6.2. Distriktenes Utbyggingsfond

7. Tiltak/tiltaksplaner

8. Summering

- 8.1. Rettleiingstenesta
- 8.2. Fiskerinæringa.

9. Tilleggsmelding frå Havbrukskonsulenten

- 9.1. Fiskeoppdrett
- 9.2. Tiltaksarbeid

TENESTEDISTRIKT SONE 1, SUNNHORDLAND.

BØMLO KOMMUNE: Areal: 231 km²
Innbyggjarar: 9.565 pr. 31.12.87.
Kommunesenter: Bremnes.

ETNE KOMMUNE: Areal: 708 km²
Innbyggjarar: 4.140 pr. 31.12.87.
Kommunesenter: Etne.

FITJAR KOMMUNE: Areal: 155 km²
Innbyggjarar: 3.035 pr. 31.12.87.
Kommunesenter: Fitjar.

KVINNHØRAD KOMMUNE: Areal: 1136 km²
Innbyggjarar: 13.201 pr. 31.12.87.
Kommunesenter: Rosendal.


STORD KOMMUNE: Areal 140 km²
Innbyggjarar: 14.256 pr. 31.12.87.
Kommunesenter: Leirvik.

SVEIO KOMMUNE: Areal 264 km²
Innbyggjarar: 4.589 pr. 31.12.87.
Kommunesenter: Sveio.

ØLEN KOMMUNE: Areal: 184 km²
Innbyggjarar: 3.089 pr. 31.12.87.
Kommunesenter: Ølen.

KART OVER SUNNHORDLAND.

(Kontorkommunen skravert.)



1. Fiskerirettleiarkontorets virke og funksjon.

1.1. Fiskerirettleiarkontoret.

Sone I i Hordaland er kommunane: Bømlo, Etne, Fitjar, Stord, Sveio og Ølen. I tillegg til desse kommunane kom Kvinnherad med som ei prøveordning i 1982. Ordninga gjeld framleis i 1987.

Fiskerirettleiarkontoret er i 2.etasje i Bremnes Elektro A/S sitt bygg på Sortland.

Kontorlokala er fine og tidhøvelege. Kontoret er godt utstyrt med kontorinventar og maskinar og arbeidstilhøva er gode.

1.2. Personalet.

Bemanninga på kontoret har vore som førre året: Fiskerirettleiar og ein fast tilsett førstekontorfullmektig.

Til kontoret har heile året vore knytt interkommunal tilsett havbrukskonsulent som dekker dette feltet i dei same kommunane som vertdekt av rettleiardistriktet. Havbrukskonsulenten arbeider ut eiga årsmelding som vert å finna som vedlegg til denne årsmeldinga.

1.3. Korrespondansen.

Inngående brevjournal:	1986	834 reg.	1987	774 reg.	
Utgående	"	1986	725 "	1987	960 " .

I desse tala er ikkje medteke brev skrevne for fiskarar, heller ikkje er medrekna skjema for opptak i fiskarmanntalet og skademeldingsskjema. Ein skal og merkja seg at utgåande korrespondansen frå havbrukskonsulenten vert ført i eigen journal av han.

1.7. Fiskerinemnder.

Ved kommunevalet i 1983 vart det frå statleg hald gitt uttrykk for at så mange nemnder som praktisk mogeleg vert samanslegne i små fiskerikommunar.

I Sunnhordland førde dette til at det vart felles nemnd for kommunane Stord og Fitjar og for Ølen og Etne.

Distriktet har difor nå 5 fiskerinemnder som er samansette som fylgjer:

1.7.a. Fiskerinemnda i Bømlo (kontorkommune).

1. Knut Veivåg, 5430 Bremnes, formann.
Varamedlem: Martin Ellingsen, 5427 Urangsvåg.
2. Gunnar Strand, 5443 Bømlo, varaformann.
Varamedlem: Einar Kallevåg, 5443 Bømlo.
3. Martin Hellen, 5427 Urangsvåg.
Varamedlem: Kåre Hilt, 5440 Mosterhamn.
4. Olav Svendsen, 5430 Bremnes.
Varamedlem: Harald Nøstbakken, 5440 Mosterhamn.
5. Kristbjørg Kvamme, 5443 Bømlo.
Varamedlem: Signe Marie Lønning, 5443 Bømlo.

1.7. b. og c. Fiskerinemnda i Fitjar/Stord.

1. Hjalmar Harkestad, 5420 Rubbestadneset, formann.
Varamedlem: Oskar Sørvik jr., 5423 Brandasund.
2. Alf Martin Waage, 5423 Brandasund.
Varamedlem: Arvid Bukkøy, 5420 Rubbestadneset.
3. Kristoffer Eggøy, 5419 Fitjar.
Varamedlem: Arve Møgster, 5419 Fitjar.
4. Klara Torget, 5423 Brandasund.
Varamedlem: Anna B.H. Tislevoid, 5419 Fitjar.
5. Nils O. Føyen, 5410 Sagvåg, varaformann.
Varamedlem: Isak Grov, 5400 Stord.
6. Einar Valland, Eldøy, 5400 Stord.
Varamedlem: Oskar Vikanes, 5410 Sagvåg.

1.7.d. Fiskerinemnda i Sveio.

1. Håkon Krunenes, 5534 Valevåg, formann.
Varamedlem: Knut Framnes, 5530 Førde i Hordaland.
2. Jan Ottar Eriksen, 5534 Valevåg, varaformann.
Varamedlem: Arne Gramshaug, 5536 Tittelsnes.
3. Inge Olsen, 5526 Auklandshamn.
Varamedlem: Egil N.Økland, 5526 Auklandshamn.
4. Reidar Andersen, 5520 Sveio.
Varamedlem: Kjell Eilerås, 5520 Sveio.
5. Terje Furevik, 5536 Tittelsnes.
Varamedlem: Thomas Lier, 5534 Valevåg.

1.7.e.og f. Fiskerinemnda i Etne/Ølen.

1. Peder Heggebø, 5580 Ølen, formann.
Varamedlem: Kåre Heggebø, 5580 Ølen.
2. Hallstein Brekke, 5582 Ølensvåg.
Varamedlem: Peder Berge, 5582 Ølensvåg.
3. Knut Trovåg, 5587 Vikebygd.
Varamedlem: Bernhard Vaka, 5584 Bjoa.
4. Asgaut Ness, 5593 Skånevik, varaformann.
Varamedlem: Henrik Børretzen, 5590 Etne.
5. Johannes N.Markhus, 5596 Markhus.
Varamedlem: Johan Birkenes, 5590 Etne.

1.7.g. Fiskerinemnda i Kvinnherad.

1. Arild Benjaminson, 5455 Halsnøy Kloster, formann.
Varamedlem: Kåre Isdal, 5464 Uskedalen.
2. Malvin Isdal, 5455 Halsnøy Kloster, varaformann.
Varamedlem: Anton Sjursen, 5450 Sunde.
3. Gaute Tofte, 5454 Sæbøvik.
Varamedlem: Johannes Øye, 5470 Rosendal.
4. Arne Legland, 5463 Uskedalen.
Varamedlem: Magne Tofte, 5454 Sæbøvik.
5. Johannes Fagerlid, 5470 Rosendal.
Varamedlem: Rune Bjørgen, 5457 Høylandsbygd.

1.8. Møteverksemda i fiskerinemndene.

Ved gjennomgong av møtebøkene for dei ymse fiskerinemndene finn ein at ein i året har hatt følgjande tal møter, saksmengder og møtetid:

Fiskerinemnd:	Tal møter	Tal saker handsama	Samla møtetid.
1.8.a. Bømlo	4	26	17 1/2 timar.
1.8.b. Fitjar/Stord	3	15	8 "
1.8.c. Sveio	2	8	5 "
1.8.d. Etne/Ølen	5	24	10 1/2 "
1.8.e. Kvinnherad	3	13	7 "
<u>Total</u>	<u>17</u>	<u>86</u>	<u>48 timar.</u>

1.9. Fiskerinemndssaker.

I meldingsåret vart det tilsaman i distriktet til fiskerirettleiaren i Sunnhordland halde 17 møter og handsama 86 saker. Samla møtetid var 48 timar.

Som tidlegare år er ein god del saker også dette året vorte handsama administrativt av fiskerirettleiarkontoret i samråd med formannen/ varaformannen og/eller andre medlemmer i fiskerinemndene.

Av dei viktigaste sakene som har vore handsama i dei fem fiskerinemndene kan nemnast:

- Fiskarmanntalsaker
- Garantikassesaker
- Praktiske fiskeforsøk i 1987
- Fiskarbanklån - søknader
- Konesjonssøknader oppdrett/settefiskanlegg/skjellanlegg
- Uttale i samband med konsesjon om graving av skjellsand
- Uttale om arealdisponeringar i strandsona
- Vurderingar av lokalitetar for oppdrett
- Uttale vedr. legging av kablar
- Uttale vedr. utslepp av kloakk

2. Sysselsettinga i fiskerinæringa.

2.1. Fiskarmanntalet.

Tabellane nedafor syner tål fiskarar fordelt etter aldersgrupper og gjennomsnittsalder. Tabellane syner og kva manntalsliste fiskarane står på. Liste B syner kor mange som har fiske som hovedyrke og liste A syner kor mange som har fiske som attåt-næring.

Tabell 2.1.a. Bømlo kommune.

År	Inn- deling	Fiskarar fordelt etter aldersgrupper.							Totalt	Gj.sn. alder.
		15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70 og over		
198.6	Blad A	0	2	0	5	9	38	51	105	67,28
	Blad B	42	61	67	55	22	12	1	260	35,17
	Totalt	42	63	67	60	31	50	52	365	44,41
198.7	Blad A	0	1	0	3	5	25	71	105	70,33
	Blad B	25	70	61	53	28	16	1	254	36,81
	Totalt	25	71	61	56	33	41	72	359	46,61

Tabellen for fiskarmanntalet for Bømlo kommune syner nokså stabile tal, men ein mindre nedgang på liste B er der likevel. Fiskarane på A lista er for det meste eldre folk og flest i aldersgruppa over 70 år. Gjennomsnittsalderen syner ein viss oppgang for B lista medan den for A lista syner ein monaleg auke. Framleis er der likevel svært mange unge fiskarar i kommunen.

Tabell 2.1.b Fitjar kommune.

År	Inn- deling	Fiskarar fordelt etter aldersgrupper.							Totalt	Gj.sn. alder.
		15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70 og over		
198.6	Blad A	0	0	2	2	2	10	14	30	66,60
	Blad B	2	10	7	9	5	1	0	34	36,97
	Totalt	2	10	9	11	7	11	14	64	50,85
198.7	Blad A	0	0	1	0	0	7	16	24	70,41
	Blad B	0	8	7	6	7	1	0	29	40,70
	Totalt	0	8	8	6	7	8	16	53	53,86

Fitjar kommune er framleis den tredje største fiskerikommune i rettleiardistriktet. Av totalt 53 fiskarar er 17 busett i Brandasundet. 21 har adresse Fitjar. 10 bur på Aga og Agasøster med Rubbestadneset som si adresse. 5 er frå Dåfjordområdet. Som tabellen viser har det vore ein nedgang på 11 i talet på fiskarar frå 1986 - 1987. Gjennomsnittsalderen har gått opp både for liste A og B.

Tabell 2.1.c. Stord kommune.

År	Inndeling	Fiskarar fordelt etter aldersgrupper.							Totalt	Gj.sn. alder.
		15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70 og over		
1986	Blad A	0	0	0	0	0	0	1	1	77,00
	Blad B	1	2	2	2	3	2	0	12	42,75
	Totalt	1	2	2	2	3	2	1	13	45,38
1987	Blad A	0	0	0	0	0	0	1	1	78,00
	Blad B	3	3	2	1	5	2	0	16	40,37
	Totalt	3	3	2	1	5	2	1	17	42,58

I Stord kommune var det i 1987 ein forholdsvis stor auke i talet på fiskarar. Gjennomsnittsalderen gjekk for blad B monaleg ned, medan der var eit års oppgang i gjennomsnittsalderen på blad A. (Berre ein fiskar).

Tabell 2.1.d. Sveio kommune.

År	Inndeling	Fiskarar fordelt etter aldersgrupper.							Totalt	Gj.sn. alder.
		15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70 og over		
1986	Blad A	1	0	0	5	3	5	10	24	63,29
	Blad B	0	1	0	3	2	2	0	8	48,75
	Totalt	1	1	0	8	5	7	10	32	59,65
1987	Blad A	1	0	0	1	4	2	16	24	67,16
	Blad B	0	0	2	0	2	1	0	5	49,00
	Totalt	1	0	2	1	6	3	16	29	64,03

Tabellen for Sveio kommune syner at det er få fiskarar på B lista og at talet på denne lista har gått attende. Når det gjeld gjennomsnittsalderen på B lista så har denne halde seg siste året, medan den for A lista har gått opp.

Tabell 2.1.e. Etne kommune.

År	Inn- deling	Fiskarar fordelt etter aldersgrupper.							Totalt	Gj.sn. alder.
		15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70 og over		
1986	Blad A	0	0	0	1	1	3	3	8	63,12
	Blad B	0	0	0	1	1	0	0	2	50,00
	Totalt	0	0	0	2	2	3	3	10	60,50
1987	Blad A	0	0	1	2	0	2	4	9	61,66
	Blad B	0	0	0	1	1	0	0	2	51,00
	Totalt	0	0	1	3	1	2	4	11	59,72

Etne er den minste fiskerikommune i rettleiardistriktet med totalt 11 manntalsførte fiskarar. På B lista berre 2 for 1987, det same som året før. Gjennomsnittsalderen er høg, særleg på blad B.

Tabell 2.1.f. Ølen kommune.

År	Inn- deling	Fiskarar fordelt etter aldersgrupper.							Totalt	Gj.sn. alder.
		15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70 og over		
1986	Blad A	0	0	0	0	1	0	2	3	69,66
	Blad B	0	2	0	0	3	2	0	7	49,20
	Totalt	0	2	0	0	4	2	2	10	55,30
1987	Blad A	0	0	0	0	0	1	2	3	70,66
	Blad B	0	2	0	0	2	3	0	7	50,20
	Totalt	0	2	0	0	2	4	2	10	56,30

Ølen er og mellom dei "små" når det gjeld manntalsførte fiskarar. Det var ingen endringar siste året. Som tabellen ovafor viser så er gjennomsnittsalderen høg, særleg på liste - B.

var sir

Tabell 2.1.g. Kvinnherad kommune.

År	Inn- deling	Fiskarar fordelt etter aldersgrupper.							Totalt	Gj.sn. alder.
		15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70 og over		
198.6	Blad A	0	0	0	2	2	11	23	38	70,23
	Blad B	9	14	14	5	5	2	0	49	32,04
	Totalt	9	14	14	7	7	13	23	87	48,72
198.7	Blad A	0	0	0	1	3	5	27	36	71,11
	Blad B	3	12	13	4	6	2	0	40	36,15
	Totalt	3	12	13	5	9	7	27	76	52,71

Kvinnherad kommune er den nest største fiskerikommune i Sunnhordland. Endringane i talet fiskarar frå førre året er relativt store, og det er størst nedgang i dei yngre aldersgrupper på B - lista. Gjennomsnittsalderen er gått noko opp.

Ser ein på tilhøva i 5-årsperioden 1983 -1987 finn ein at talet fiskarar i denne perioden har gått monaleg attende i distriktet. Nedgangen er størst for hovedyrkefiskarar på blad B med 52 personar medan A-lista er redusert med 8, tilsaman 60 personar.

2.2. Sysselsettinga i foredlingsleddet.

Sysselsettinga i foredlingsleddet har ikkje endra seg vesentleg siste året. I Bømlo kommune har ein 3 fiskemottak med tilsaman ca. 10 - 12 tilsette. I Fitjar eit mottak med ein tilsett. I dei andre kommunane i Sunnhordland har ein ikkje fast fiskemottak.

Norway Foods Ltd. A/S sine hermetikkfabrikkar på Sunde og i Skånevik har hatt mykje same drifta som i 1986. Tilsaman sysselsette dei 2 fabrikkane 140-150 personar, for det meste kvinner.

Brødrene Hjønevig i Uskedalen driv fiskematproduksjon med 8 - 9 tilsette.

På Koløyholmen har Ole Havn sitt anlegg for mottak av krabbe for pakking i skjell vore i gong og har i sesongen august - november teke mot krabbe for produksjon. I denne tida har ein i produksjonen sysselsett 15 - 20 personar, flest kvinner.

Det har det siste året vore arbeid mykje for at ein skal få eit tid-
høveleg og godt fiskemottak på Leirvik, Stord, og ein vonar at desse
planane kan verta realiserte til neste år. Også på Sydnes på Halsnøy
er der liknande planar, og det vert også arbeid for å få til eit mot-
tak, med stor isproduksjon, på Sørå Bømlo (Hovlandshagen). Planane
for begge desse siste anlegga er komne langt.

Når det gjeld mottak, slakting og pakking av laks så vil dette verta
omtala i meldinga til Havbrukskonsulenten.

2.3. Sysselsettinga i oppdrettsnæringa.

Havbrukskonsulenten for Sunnhordland har skrive eiga årsmelding
for 1987 og ein syner til vedlagde kopi av denne.

2.4. Avleia verksemd.

Det er i distriktet fleire verksemdar som har tilknytning til fisket.
Ein skal her få nemna nokre av dei:

Bømlo kommune:

Wårtsilå Wichmann Diesel A/S, 5420 Rubbestadneset.
 Rubb Industri, " "
 Servogear A/S, " "
 Matre & Co " "
 Innvær Plast " "
 Båttutrustning A/S " "
 Halderaker & Sønner, Mælandsvågen, 5430 Bremnes
 Ådnanes Skipsbyggeri, " "
 Moster Industriservice A/S, 5440 Mosterhamn
 Rolf Larsen, 5427 Urangsvåg
 Bremnes Elektro A/S., 5430 Bremnes
 Elektro Installasjon A/S, 5430 Bremnes
 Johs.Mæhle, 5444 Espevær
 Bømmeløy Mek.Verkested, 5443 Bømlo
 Knut Kvernenes, Mek.Verkested, 5444 Espevær
 Bømlo Elektriske, 5443 Bømlo
 Grindheimsvåg Slipp & Mek.Verkested. 5440 Mosterhamn
 Bømlo Construction Services A/S., 5440 Mosterhamn

Fitjar kommune:

Ole Kvernens Båtbyggeri A/S., 5419 Fitjar
 Fitjar Mek.Verkested A/S " "
 Vik & Sandvik A/S " "

Knut Rydland, 5419 Fitjar

M.Dahl-Helland "

Ole Havn Koløyholmen "

Andersen & Sønner, Dáfjord 5419 Fitjar

Johnsen Plastindustri, 5423 Brandasund

Johnsen Slipp, "

Stord kommune.

Seglneset A/S., mek.verksted, båtutrustning, 5410 Sagvåg

Risnes & Sønner, 5410 Sagvåg

Eldøy Mek.Verksted, 5400 Stord

Sunnhordland Elektro A/S, 5400 Stord

Oma Båtbyggeri, 5400 Stord

Leirvik Sveis A/S "

Aqua Consult, "

Kvinnherad kommune.

Eide Contracting A/S Mek., 5457 Høylandsvbygd

Eidsvik Skipsbyggeri A/S, 5463 Uskedalane

Th. Hellesøy Skipsbyggeri, 5474 Løfallstrand

Skålurens Skipsbyggeri, 5470 Rosendal.

Kvinnherad Sveis & Montering A/S, 5451 Valen.

Etne kommune.

Sunnhordland Mek.Verksted A/S, 5593 Skånevik

Skånevik Mek.Verksted, "

Sveio kommune.

Øklandsnes Slip & Mek.Verksted, 5526 Auklandshamn.

Ølen kommune.

Ølens Skipsindustri A/S, 5582 Ølensvåg.

3. Fiskeflåten.3.1. Merkeregisteret.

I tabellane 3.1. a - g finn ein eit oversyn over merkeregistrerte fiskefarty i rettleiardistriktet. Merkerregisteret for Bømlo og Fitjar vert førde ved rettleiarkontoret, medan dei vert førte av andre i dei andre kommunane. Registeret er moge for sanering, særleg då når det gjeld Etne og Sveio, men og for dei andre kommunane. Ein reknar med at dette kan gjerast komande år då ein ventar at ein då vil få heimel for å knyta merkerregisteret til fiskarmanntalet.

Tabell 3.1. a. Merkereregisterdata 1987.

Kommune Bømlo.

Lengde i m	Tal farty				Byggjear								
	Status pr. 1.1.	Av-gang	Til gang	Status pr. 31.12	Før 1929	1930-39	1940-49	1950-59	1960-69	1970-74	1975-79	Etter 1980	Ikke oppgitt
0,0- 4,9	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
5,0- 9,9	173	11	6	168	2	6	8	20	39	24	25	39	5
10,0-14,9	40	1	1	40	2	3	1	7	3	3	4	15	2
15,0-19,9	10	0	1	11	1	1	1	2	2	1	2	1	0
20,0-29,9	7	0	1	8	0	0	0	2	2	0	4	0	0
Over 30,0	10	1	1	10	0	0	1	2	2	1	3	1	0
Totalt	240	13	0	237	5	10	11	33	48	29	38	56	7

Tabell 3.1.b. Merkerregisterdata 1987..

Kommune: Fitjar.

Lengde i m	Tal farty				Byggjear								
	Status pr.1.1.	Av- gang	Til gang	Status pr.31.12	Før 1929	1930-39	1940-49	1950-59	1960-69	1970-74	1975-79	Etter 1980	Ikk opp- git
0- 4,9	2	0	0	2	0	0	0	0	0	1	0	1	0
5,0- 9,9	47	4	3	46	0	0	0	3	8	9	10	14	2
10,0-14,9	10	0	1	11	0	1	0	2	1	0	2	5	0
15,0-19,9	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
20,0-29,9	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Over 30,0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Totalt	59	4	4	59	0	1	0	5	9	10	12	20	2

Tabell 3.1.e- Merkerregisterdata 1987.

Kommune: Stord.

Lengde i m	Tal farty				Byggjeår								
	Status pr.1.1.	Av-gang	Til gang	Status pr.31.12	Før 1929	1930-39	1940-49	1950-59	1960-69	1970-74	1975-79	Etter 1980	Ikk oppgit
0,0- 4,9	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
5,0- 9,9	6	0	1	7	0	0	0	4	2	0	1	0	0
10,0-14,9	1	1	1	1	0	1	0	0	0	0	0	0	0
15,0-19,9	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
20,0-29,9	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Over 30,0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Totalt	7	1	2	8	0	1	0	4	2	0	1	0	0

Tabell 3.1. & Merkerregisterdata 1987..

Kommune: Sveio.

Lengde i m	Tal farty				Byggjear								
	Status pr.1.1.	Av-gang	Til gang	Status pr.31.12	Før 1929	1930-39	1940-49	1950-59	1960-69	1970-74	1975-79	Etter 1980	Ikk oppgit
0,0- 4,9	1	0	0	1	0	0	0	0	0	0	0	0	1
5,0- 9,9	52	2	1	51	0	2	3	13	10	2	7	9	5
10,0-14,9	3	1	0	2	1	0	1	0	0	0	0	0	0
15,0-19,9	1	1	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
20,0-29,9	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Over 30,0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Totalt	57	4	1	54	1	2	4	13	10	2	7	9	6

Tabell 3.1.e- Merkerregisterdata 1987.

Kommune: Etne.

Lengde i m	Tal farty				Byggj�ar									Etter 1980	Ikke oppgitt
	Status pr. 1.1.	Av- gang	Til- gang	Status pr. 31.12	F�r 1929	1930-39	1940-49	1950-59	1960-69	1970-74	1975-79				
0,0- 4,9	1	0	0	1	0	0	0	0	0	0	1	0	0		
5,0- 9,9	25	0	0	25	0	2	4	4	2	3	3	0	7		
10,0-14,9	4	1	0	3	0	0	0	1	1	0	0	1	0		
15,0-19,9	1	1	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0		
20,0-29,9	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0		
Over 30,0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0		
Totalt	31	2	0	29	0	2	4	5	3	3	4	1	7		

Tabell 3.1. f. Merkerregisterdata 1987.

Kommune: Ølen.

Lengde i m	Tal farty				Byggjear								
	Status pr.1.1.	Av-gang	Til-gang	Status pr.31.12	Før 1929	1930-39	1940-49	1950-59	1960-69	1970-74	1975-79	Etter 1980	Ikk oppgit
0,0- 4,9	0	0	1	1	0	0	0	0	0	0	1	0	0
5,0- 9,9	18	0	0	18	0	0	3	7	2	3	1	0	2
10,0-14,9	5	1	0	4	1	0	0	2	1	0	0	0	0
15,0-19,9	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
20,0-29,9	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Over 30,0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Totalt	23	1	1	23	1	0	3	9	3	3	2	0	2

Tabell 3.1. g- Merkerregisterdata 1987.

Kommune: Kvinnherad.

Lengde i m	Tal farty				Byggjeår								
	Status pr.1.1.	Av- gang	Til gang	Status pr.31.12	Før 1929	1930-39	1940-49	1950-59	1960-69	1970-74	1975-79	Etter 1980	Ikk opp- git
0,0- 4,9	1	0	0	1	0	0	0	0	0	0	1	0	0
5,0- 9,9	66	4	3	65	1	1	4	10	12	7	10	11	9
10,0-14,9	13	1	1	13	1	0	0	3	0	2	2	5	0
15,0-19,9	3	0	0	3	0	2	0	1	0	0	0	0	0
20,0-29,9	4	0	0	4	1	1	0	2	0	0	0	0	0
Over 30,0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Totalt	87	5	4	86	3	4	4	16	12	9	13	16	9

3. 2. Kongsesjonar.

Antal kongsesjonar i Sunnhordland pr. 31.12.87.

Kommune	Industri/ loddetrål	Ringnot	Brislingnot/ Landnot	Seinot	Drivgarnsfiske etter laks.
Bømlo	17	3	13	1	11
Fitjar	0	0	6	0	6
Stord	0	0	0	0	0
Ølen	0	0	7	0	0
Etne	0	0	8	0	0
Kvinnherad	0	0	31	0	0
Sveio	0	0	7	0	0
Tilsaman	17	3	72	1	17

Når det gjeld brislingkongsesjonar er eindele ikkje i drift, særleg då landnotkongsesjonar. Av industritrålkongsesjonar er det eindele som ikkje har loddetrålkongsesjon. I 1987 vart 2 industritrålarar kjøpt inn til distriktet, medan ingen gjekk ut or distriktet. I Bømlo er det 3 stk. kolmulekongsesjonar tilknytte ringnotbåtar.

4. Foredlingsleddet.

4.1. Oppfiska kvantum / verde.

Som tidlegare år er mesteparten av fisken som er fiska av fiskerane i Sunnhordland levert utafor fiskerane sin heimkommune. Eindel kystfangstar er levert til mottaka i Espevær, Melingsvåg, Øklandsvåg og Brandasund. Dessutan vart der i Øklandsvåg levert ca. 600 t fisk frå Nordsjøen og det vart der og i Brandasund teke mot eindele makrell frå drivgarnsflåten.

Tabbellen som tidlegare år har synt samla fangst og verde levert til dei einskilde salslag av fiskarar frå dei ymse kommunane i regionen må diverre gå ut dette året på grunn av manglande data frå nokre av salslaga.

Også dette året har fiskarar frå regionen levert fangstar til så godt som alle salslaga på kysten, og det er derfor svært leit at statistikken som syner fangsttilhøva i året samanlikna med tidlegare år må gå ut på grunn av manglande data.

Konsumfisktrålerane frå Bømlo leverte tildels store kvanta til Øklandsvåg og i Porsvika, og i ein periode vart der til Bremnes Fryseri A/S levert fisk også frå polske trålarar. I fleire periodar var der levering av sild og makrell til Aust-Europeiske fabrikkskip som låg til ankers i Børøyfjorden, men ein kjenner ikkje til kva kvanta som vart leverte her. På det meste var der 5 slike farty oppankra i Børøyfjorden.

6. Lånes og andre finansskjelder.

6.1. Statens Fiskarbank.

Tabell 1 syner ei oversikt over lånesøknader/tilsagn om lån for dei 7 kommunane i 1987.

6.2. Distriktenes Utbyggingsfond.

Det var i meldingsåret ei rekkje søknader til Distriktenes Utb. fond frå firma i regionen, men ingen av desse gjekk gjennom rettleiarkontoret. Dei fleste søknadene som galt lån/tilskot var frå oppdrettsnæringa.

7. Tiltak/tiltaksplanar.

Rettleiarkontoret har i meldingsåret freista arbeide aktivt med saker som gjeld tiltaksarbeid i regionen, men der har vore få saker der kontoret har drive dette arbeidet i eigen regi. Ein viser til meldinga frå Havbrukskonsulenten i Sunnhordland.

8. Summering.

8.1. Rettleiingstenesta.

Rettleiingstenesta v/fiskerinemndene og fiskerirettleiar hadde i 1987 eit aktivitetssmessig nokolunde normalt år.

Mange saker av ulike slag har vore handsama og oppfylgde, og ein kan i stikkords form nemna:

- Garantisaker
- Konesjonssøknader av ymse slag, særleg innan havbruk
- Hammesporsmål
- Administrasjon av fiskerivikarordninga i Bømlo
- Merkeregistersaker for Bømlo og Fitjar
- Budsjettmemndsaker
- Fiskarmanntalssaker.

Tabell 1. Statens Fiskarbank. Låneverksemda i Sunnhordland 1987.

23

Kommune / Type lån / tilskot	BØMLO				FITJAR				KVINNHØRAD			
	Tal søkn.	Tal til-sagn	Sum omsøkt	Sum tilsagn	Tal søkn.	Tal til-sagn	Sum omsøkt	Sum tilsagn	Tal søkn.	Tal til-sagn	Sum omsøkt	Sum tilsagn
Lån til nybygg	1	0	10.830.000,-	0,-	1	0	300.000,-	0	0	0	0	
" " brukt farty	4	4	10.400.000,-	9.900.000,-	0	0			0	0		
" " reidskaper	1	1	347.000,-	150.000,-	0	0			0	0		
" " utstyr/ombygging/ reparasjon	9	9	10.920.000,-	7.675.000,-	0	0			1	1	400.000,-	250.000,-
Tilskot til økonomisk " " kondemnering	4 1	4 0	29.000,- -	29.000,- -	0 0	0 0			0 0	0 0		
	20	18	32.526.000,-	17.754.000,-	1	0	300.000,-	0	1	1	400.000,-	250.000,-

Frå kommunane Etne, Ølen, Sveio og Stord var der ingen søknader i 1987. Også frå dei andre kommunane har talet på søknader gått ned, medan den prosentvise delen av stetta søknader er auka. Til samanlikning med 1986 kan ein gi fylgjande tal:

1986: Samla tal søknader: 43. Søknadssum: 45,4 mill. Tilsagnsum: 15.5 mill. % - tilsagn: 34,11
 1987: " " " 22. " : 33,2 " " : 18.0 " " : 54,23.

I tillegg til lånetilsagna ovafor er der frå Statens Fiskarbank gjeve tilsagn om rentesubsidiér for 5 større ombyggningsarbeid med samla kontraktsum kr. 12.380.000,- alle frå Bømlo kommune.

8.2. Fiskerinæringa.

Heller ikkje i 1987 tillet ressursane av lodde noko fiske på dette fiskeslaget. Større kvotar på sild og makrell har til ein viss grad kompensert for dette, men stort sett må ein seia at ringnotflåten hadde eit vanskeleg år også dette året.

Fisket i Nordsjøen med trål gav eit bra resultat både for dei som dreiv reint konsumfiske og for dei som dreiv kombinert konsum/industri-fiske. Særleg var fisket etter tobis svært bra. Dei fleste av fartya i denne flåten hadde eit godt årsresultat.

Kystfiskeflåten hadde eit nytt dårleg år. Særleg gjeld dette dei som driv mest med palefiske. Fisket etter brisling vart noko betre enn året før, medan sildefisket var omlag det same. Farty som driv heimfiske med line og garn ser etterkvart ut til å ha lite å henta, og dersom ein ikkje får eit verkeleg oppsving i ressursgrunnlaget, er det vel å tru at dette fisket som leveveg vil døy ut med dei som driv det idag.

Distriktet har nå berre att ein autolinebåt, og dette er særst betenkjeleg då det er fare for at miljøet vil forsvinna. Fartyet som driv dette fisket hadde eit brukbart år, kanskje meire på grunn av prisane enn av fangstresultatet.

Flåten av små reketrålalarar som etterkvart har teke seg bra opp i regionen hadde etter måten eit godt driftsår, og dersom ikkje altfor mange og store farty legg seg til og fiskar på denne begrensa ressursen, er det von for at ein kan få brukande resultat for denne flåten også i komande år.

Ordninga med erstatning for øydelagde fiskereidskap på gr. av oljeverksemda i Nordsjøen har halde fram, og det vart gjennom året sett fram meir enn 30 krav om slik erstatning gjennom kontoret her. Dei fleste av desse krava vart stetta etter gjeldande retningsliner for ordninga.

I Bømlo kommune vart det i året innført ei prøveordning med kommunalt tilsett fiskerivikar. Ordninga vart administrert av fiskerirettleiarkontoret, og så langt ein kan sjå har den verka etter føresetnadene. Avløysaren har i den tida som er gått vore brukt i den utstrekning normal arbeidstid har tillete, og har i

denne tida prova trongen der er for ei avløyssarordning. Organiseringa av denne stillinga har valda problem på kommunalt hald med omsyn til arbeidsgjevaransvar o.l. men det er å vona at ein vil finna ei løysing på dette slik at ordninga kan oppretthaldast.

Saker som vedkjem havbruk og bruken av sjøareala har også dette året kravdmykje arbeid, og ein kan ikkje skyna korleis arbeidet med dette skulle kunne vorte teke vare på dersom ein ikkje hadde hatt stillinga som havbrukskonsulent tilknytta kontoret.

Den særlege meldinga frå Havbrukskonsulenten skulle vera eit greit prov på dette. Ein vonar nå at prøveordninga ein har hatt med denne stillinga kan verta permanent, og at dei involverte kommunane kan finna ei løysning for framtida.

Bremnes, august 1988.



Ragnvald Innvær

Fiskerirettleiar.

HAVBRUK/AKVAKULTUR 1987:

I kommentarane til statistikken for 1987 vert det samanlikna med førre år. (1986)
Det vert og kommentert/sett på utviklingstendensar vidare framover.

Tabell 1. STATISTIKK FOR FISKEOPPFØRET I SUNNHORDLAND 1987.

	BØMLØ	ETNE	FITJAR	KVINNHERRAD	SVEIO	TOTALT
MATFISKANLEGG:	10	3	5	1	3	22
Tal smolt utsett (1.000 stk)	812	247	334	72	140	1.605
Kilo fisk teken opp (tonn)	1.156	214	639	50	402	2.461
Verdi fisk teken opp (mill kr)	47.925	6.676	20.290	2.000	12.799	89.690
Investert i året (mill kr)	6.098	2.400	1.400	625	1.710	12.233
Fast tilsette:						
Menn	26	4	9	2	5	46
Kvinner	2		1		2	5
Deltidstilsette:						
Menn	15	6	6		2	29
Kvinner	4		3		2	9

Stord og Ølen hadde ingen matfiskkonsesjonar i 1987.

Totalt var det 22 konsesjonar i regionen. Det vart tildelt 5 reetableringskonsesjonar i 1987.

PRODUKSJON:

Produksjonen auka med omlag 900 tonn samanlikna med året før og kom opp i 2461 tonn. Mange av anlegga var nye slik at kapasiteten ikkje fullt ut vart nytta. Med dagens konsesjonsvolum er det realistisk å koma opp i ein produksjon på 3.500 tonn/år.

Talet på utsett smolt hadde auka med omlag 600.000 stk. til 1,6 mill stk. Dette indikerar og ein auke for året 1988.

VERDI:

Snittpris som vart oppnådd var 36,50 kr/kg. Dette representerer ein verdi av omlag 89,7 mill kr og var ein auke på 32 mill kr frå året før. Snittprisen i 1986 var imidlertid høgare og var kr 36,90/kg.

Tabell 2: STATISTIKK FOR FISKEOPFDRETT I SUNNHORDLAND 1987.

	BØMLO	ETNE	FITJAR	K.HERAD	STORD	SVEIO	ØLEN	TOTALT
KLEKKERI-/ SETJEFISKANLEGG:	6	3	3	8	3	5	1	30
Liter rogn klekt:	1074	200	910	824	200	810	400	4418
Smolt prod. i året (1000)	1487	45	1016	1227	620	1718	460	6573
Verdi av prod. smolt (1000)	18420	585	13189	16150	9269	20727	5500	83840
Invest. i år- et (1000)	14480	1300	24	3431	12000	150	3653	35038
Fast tilsette:								
Menn	13	1	4	18	5	8	2	51
Kvinner			2	4		3	2	11
Deltidstilsette:								
Menn	3	2	1	11	2	2	1	22
Kvinner	13	1		10	2	2	1	29

Totalt var det i 1987 30 setjefiskanlegg i Sunnhordland. (2 av disse anlegga hadde kun konsesjon for startfora yngel.)

PRODUKSJON:

Det vart klekka 4.400 l rogn og produsert 6,6 mill stk smolt. Dette var ein auke på 1.400 l rogn og 1,3 mill smolt frå året før. Mange anlegg var ikkje komen i produksjon (6), og eit anlegg mista heile produksjonen p.g.a. BKD- utbrot.

Det er gitt konsesjonar for inntil 10 mill stk smolt. Dette representerar ein ledig kapasitet på omlag 3,5 mill stk. Det er usikkert i kor stor grad alle konsesjonane vert realiserte på grunn av faren for overproduksjon og avsetningsvanskar.

VERDI:

Snittprisen på smolt var for dette året ca. 13 kr. Dette representerte ein verdi av omlag 84 mill kr. Dette var kun 3 mill kr meir enn året før. I 1986 var snittprisen på smolt kr 15,25, noko som forklarar grunnen til så liten skilnad i omsetnaden for desse åra.

Det kan ventast ein ytterlegare prisnedgong for komande år dersom prognosane for overproduksjon slår til. Ein venta konsesjonsutviding og ein ny tildelingsrunde kan endra denne situasjonen positivt for setjefiskprodusentane.

Tabell 3: STATISTIKK FOR FISKEOPPDRETT I SUNNHORDLAND 1987.

	BØMLØ	FITJAR	TOTALT
SLAKTE-/ PAKKEANLEGG:	4	1	5
Mengde mottøken for pakking/slakting i året (tonn):	1.223	428	1.651
Investeringar i året (1000)	468	3.800	4.268
Fast tilsette:	4	2	6
Menn			
Kvinner			
Deltidstilsette:			
Menn	14	2	16
Kvinner	37	9	46

Totalt har Sunnhordland 5 anlegg med ein kapasitet som fullt ut skulle dekkja produksjonen i regionen. Det vart slakta og pakka omlag 1.651 tonn i 1987. Det viser at det går store mengder (800 tonn) til slakting og pakking ut av området.

Det er ulike årsakar til dette, men eit moment er den geografiske fordelinga av anlegga og transportkostnadane/-vanskane. Det ligg 4 anlegg i Bømlo og 1 anlegg i Fitjar. Det er planer om 1 anlegg i Sydnes, Kvinnherad og 1 anlegg i Skånevik, Etne.

Tabell 4: STATISTIKK FOR FISKEOPPDRETT I SUNNHORDLAND 1987.

SAMLA VERKSEMD:	57
Utsett smolt:	1,6 mill stk
Smolt Produsert:	6,6 mill stk
Fisk teken opp:	2.460 tonn
Investeringar:	51,5 mill kr
Omsetnad:	173,5 mill kr
Fast tilsette:	
Menn	103
Kvinner	16
Totalt	119
Deltidstilsette:	
Menn	67
Kvinner	64
Totalt	131

Totalt sett har det vore eit bra år med ein auke i omsetnaden på omlag 25 % frå 1986 til 1987.

Samanlikna med i fjor er kvantumet av fisk som er teken opp auka med nesten 58 % og det er ein auke på 24,5 % i talet på produserte smolt.

Tala som er kome med under investeringane skulle vore høgare. Nokre få av verksemdene var ikkje i stand til å gi tala for dei investeringane som vart gjort i 1987.

Totalt var det 250 tilsette som representerte omlag 160 årsverk.

Talet på årsverk har auka med omlag 25 % frå 1986 til 1987. Forholdsvis har auken vore sterkast hjå kvinner.

Omlag 87 % av dei fast tilsette er menn, mens fordelinga av deltidstilsette er lik for begge kjønn. Av kvinnene er det flest deltidstilsette og dei fleste arbeidar i slakte- og pakkeanlegga og færrest i matfiskanlegga.

SKALDYR:

Nokre konsesjonar vart stroken av konsesjonsregisteret på grunn av passivitet. Etter det vart det igjen 26 konsesjonar i Sunnhordland. Denne utviklinga kan halda fram i 1988.

Det er ikkje sendt inn informasjon frå skaldyrdykarane, men ein kan antyda ein produksjon på omlag 300 tonn blåskjell og 250.000 stk østers. Gjennomgåande er det svært liten produksjon og inntekta er attåt anna arbeid.

Skaldyrmottaket som har vore planlagt kom eit steg vidare, men er fortsatt i planfasen.

MARINE ARTAR:

For 1987 vart det gjeve 5 matfiskkonsesjonar for oppdrett av torsk. (4 i Bømlo og 1 i Kvinnherad)

Det var ingen produksjon dette året. Det er eit problem å få tilgang på yngel. Det vil nok gå nokre år før yngelprodusentane kan dekkja etterspurnaden på yngel.

Tabell 5: SØKNADER I SUNNHORDLAND 1987.

	Bømlo	Etne	Fitjar	K.herad	Stord	Sveio	Ølen	Totalt
Marine artar:	4	3	2	8				17
Skaldyr:				3	1	1		4
Laksøfiskar:								
Alternativ lok./ Flytting:	5		2	4		1	1	14
Utviding - Søtjefisk/Yngel:	1			1		1	1	4
Stamfisk:							1	1
DU- søknad:	-----1*-----							2*
Totalt:	11	3	4	(15)16	1	3	3 (40)42	
=====								

* DU-søknad for det regionale selskapet SMY.
* " for selskapet på Sydnes SSP.

Det var mange søknader om alternative lokaliteter/flytting i 1987. Ein del av desse skuldast nye lokaliteter i samband med utsetting av BKD-smolt. Ein kan merkja at talet på marine søknader var 13 færre enn året før.

Det er vedteke sakshandsamingsgebyr for søknader som er komen inn etter den 15. nov. 1987. Gebyret er fastsatt til kr 7.000.-.

KURSVERKSEMD/INFORMASJON:

GRUNNKURS I ARBEIDSMILJØ.

Det vart frå Havbrukskonsulenten teke initiativ til å gjennomføra 1.del av "Grunnkurs i arbeidmiljø".

Hordakurs var fagleg ansvarleg og samarbeidde med Havbrukskonsulenten ved gjennomføringa av kurset.

Arbeidstilsynet i Sunnhordland og Bømlo Røde Korps Hjelpekorps var m.a. foredragshaldarar og instruktørar på kurset.

Tema for kurset var:

1. Bruk av kjemikalier og medisiner i oppdrettsnæringa. Bruksområde, risiko og vernetiltak.
2. Førstehjelp.

Kurset vart gjennomført på Olavskolen i Bømlo og det var god deltaking frå fleire kommunar i Hordaland. Det var positiv tilbakemelding og eit ønskje om ei oppfylgging og vidareføring av kurset.

KVALITETSSTYRING.

Samarbeisrådet og Havbrukskonsulenten tok tidleg i 1987 initiativ til å få utarbeida eit forprosjekt for innføring av kvalitetsstyring i havbruksnæringa. Det var stor interesse mellom oppdrettarane for å få til dette.

Det vart oppretta ei styringsgruppa for forprosjektet som var slik samansatt:

Torhild Lohne (leiar), Ole Jan Flatråker (setjefiskp.), Jan Helge Vik (matfiskp.), Erlend Waatevik (forlev.), Aksel Kloster (Samarbeidsrådet), Bjarte Tveranger (Fiskerisjefen), Asbjørn Stavland (Havbrukskonsulent). Administrative og faglege konsulentar: Hordakurs og EB - Consultants.

Kostnadane med prosjektet vart finansiert med midlar frå: DU, NTNf, private institusjonar og kommunane i Sunnhordland.

Etter forprosjektet vil 15 oppdrettsbedrifter delta i hovudprosjektet for innføring av kvalitetsstyring. Kostnadane er kalkulert til 1.4 mill kr og DU - fond vil dekkja frå 30 -50 % av desse kostnadane.

Samarbeidsrådet vil vera ansvarleg for gjennomføringa av prosjektet med Hordakurs og EB - Consultants som ansvarlege konsulentar.

FAGOPPLÆRING FOR KVINNER I HAVBRUKSNÆRINGA.

Samarbeidsrådet tok i 1986 initiativ til å få sett i gang eit opplæringsstilbod for kvinner i havbruksnæringa.

Hordakurs har ansvaret for undervisningsopplegget.

Havbrukskonsulenten har vore med på å velja ut pensumlitteratur for kurset og rekruttera kursdeltakarar frå regionen.

Kostnadane med opplæringsprogrammet vil i hovudsak verta finansiert av Distriktenes Utbyggingsfond og Kirke- og Undervisningsdepartementet. Kostnadane for kvinnene vil verta på maksimalt kr 5.000.- pr. deltakar.

Vaksne arbeidstakarar med lang praksis kan ta fagprøve utan å ha gått vanleg læretid. Dette går fram av paragraf 20 i Lov om fagopplæring. Ved bestått kurs gir dette fritak for teoretisk fagprøve.

INFORMASJONSMØTE: OPPDRETTSKONSULENTAR.

I april var alle oppdrettskonsulentane i landet samla til møte i Trondheim. Oppdrettskonsulentane møtte m.a. representantar frå Fiskeridepartementet, Fiskeridirektoratet, Direktoratet for Naturforvaltning, Norske Fiskeoppdretteres Forening, Fiskeoppdretternes Salslag og Sintef.

Med styresmaktene vart forvaltningssaker og juridiske forhold drøfta.

Fiskeoppdrettarane sine organisasjonar orienterte om sin organisasjon og det vart ei omvisning på laget sin Avlstasjon i Kyrksæterøra.

Sintef orienterte om resirkulerings- og lukka anlegg som særlege satsingsområde.

AQUA NOR 1987:

På Aqua Nor i Trondheim var det omlag 250 utstillarar frå 20 land og det var omlag 8.000 personar innom messa. Det var utstillarar og mange oppdrettarar frå regionen. Havbrukskonsulenten deltok på messa noko som var lærerikt, inspirerende og kontaktskapande.

TILTAKSARBEID:

REGIONALT SELSKAP FOR MARIN YNGELPRODUKSJON.

Etter mange informasjonsmøte i 1986 og 1987, vart det av Samarbeidsrådet og Havbrukskonsulenten teke initiativ til å utarbeida eit forprosjekt for marin yngelproduksjon i Sunnhordland.

Kostnadane på 140.000 kr skal finansierast av kommunane i Sunnhordland, Distriktenes Utbyggingsfond og oppdrettsverksemder og andre med tilknytning til næringa. Det har vore med 26 verksemder i forprosjektet og ei styringsgruppe har stått ansvarleg for utarbeidinga av forprosjektrapporten. Austevoll Utbyggingssselskap ved Finn Wetteland har vore konsulent for dette arbeidet.

I styringsgruppa har desse vore medlemmer: Aksel Kloster (formann), Reidar Andersen (Trovåg Laks), Øyvind Larssen (Espevær Havbruk), Rolf Engelsen (Sea Farm), Odd O. Næss (SSL), Hans Gustav Musland (VVS), Håvard Rabben (Akvakulturstasjonen i Austevoll), Thorvald M. Dahle (Fitjar kommune), Bjarte Tveranger (Fiskerisjefen), Anders Haug (Stord Lærarhøgskule) og Asbjørn Stavland (sekretær).

Styringsgruppa går inn for at det i 1988 skal etablerast eit selskap som skal byggja eit stamfiskanlegg med rogn- og yngelproduksjon. Artane som det skal satsast på er kveite, piggvar, torsk og steinbit.

Deltakarane i selskapet har førsteretten til kjøp av yngel til marknadspris. Ved deltaking i selskapet vil ein og få tilgong på kunnskap.

Lokaliseringa av anlegget er ikkje fastsatt, men det er peika på 3-4 aktuelle lokalitetar i Sunnhordland.

SUNNHORDLAND FISKEOPPDRETTARLAG.

Etter initiativ frå fiskeoppdrettarar i Bømlo, vart Sunnhordland Fiskeoppdrettarlag skipa den 22. sept. 1987. Med på skipinga var av laget var og Fiskerirettleiaren, Tiltakskonsulenten i Bømlo og Havbrukskonsulenten.

Målsetjinga for laget er å samordna interessene mellom oppdrettarane og styrkja den vidare utviklinga i næringa. Laget vil arbeida for å samla alle fiskeoppdrettarane i Sunnhordland og å arbeida for saker av sams interesser på lokalt plan.

Ved utgangen av 1987 var det 15 oppdrettarar frå 4 ulike kommunar som var medlemmer i laget. Mange andre ønskte å taka stilling til eit medlemskap ved årsmøtet i 1988.

Havbrukskonsulenten har i oppstartinga fungert som sekretær for laget.

SUNNHORDLAND SEA PRODUCTS.


Ei arbeidsgruppe frå Sunnhordland Skjelldyrkarlag har sidan 1986 arbeida for å få realisert eit skaldyrmottak i Sunnhordland. Ildsjela bak dette har vore Sigval Robberstad.

Seinare har gruppa vedteke at mottaket må vera eit kombinert mottak for skaldyr, fiska og oppdretta fisk.

Fiskeridirektoratet har utført eit forprosjekt for dette anlegget som skal lokaliserast til Sydnes i Kvinnherad.

Havbrukskonsulenten har vore med i dette arbeidet og hatt fleire møte med initiativtakarane, Fiskerisjefen og Fiskeridirektoratet. I september vart Sunnhordland Sea Products skipa. Med i styret for selskapet var desse: Sigval Robberstad (styreformann), Odd O. Næss, Jens P. Sivertsen, Arild Benjaminson og igurd Monsvik.

Bremnes september 1987.



Asbjørn Stavland
Havbrukskonsulent.

